

**SJEKK REFLEKSVESTANE!!!**

31.01.2015

Frå ein utanbygds lesar har vi motteke følgjande viktige melding: Eg har sett at det har vore fokus på nestenulukker ved Korsnes.

Eg har ved to høver siste vekene køyrt gjennom Uskedalen på kveldstid. Mørkt med våt vegbane, nedbør i lufta og møtande trafikk er ikkje fotgjengarar det som er lettast å sjå. På strekkja frå sentrum til Steinsletto har eg kvar gong møtt fotgjengar med refleksvest. Diverre går vedkomande rundt med falsk tryggleik. Refleksane er så dårlege at det er omlag som ikkje.Kansje Uskedalen.no kan setja fokus på at dei som går med vest bør for eigen tryggleik sjekka refleksane. (Ta vesten ut i mørkre, lys på den med ei lykt. Då ser ein snart tilstanden.)  
tid.